

Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning og idrett: Hva lærer lærerstudenter om samarbeid med heimen?

Eksempel:

På egne temadager settes fokus på foreldresamarbeid, på tvers av studier og klasser.

FUG og HSF i fellesskap har planlagt og gjennomført egne opplegg for to og to klasser.

Allmennlærerutdanning(A) Praktisk pedagogisk utdanning(PPU) Førscolelærerutdanning(F)

Vi har gjennomført tre slike temadager i løpet av prosjektperioden:

8.jan. 2010 Astrid Øydvin(PPU))+ Margrethe Haug Syversen(2A)+ Randi Jørgensen (FUG)

17.sept. 2010 Randi Faugstad(PPU)+ Margrethe H. Syversen(2A)+ Randi Jørgensen (FUG)

11.jan. 2011 Mari Engesæter (2F)+ Margrethe H. Syversen(3A)+ Randi Jørgensen(FUG)

Alle studiene har foreldresamarbeid som tema på emneplanene, med tilhørende oppdatert faglitteratur knyttet til undervisningen. Temaet er først innledet i de ordinære klasser, slik at studentene kommer godt forberedt til disse dagene. De jobber mye av tida i grupper på tvers av kullene. Der foregår erfaringsutvekslinger som munner ut i problemstillinger til diskusjon i plenum. Midtveis i dagens program får de en lengre ressursforelesning med kjernepunkter til temaet, ved Randi Jørgensen fra FUG.

Her kommer et eksempel fra første temadag med prosjektet, fra forberedelse i desember, både for oss lærere og studentene, til annonsering av endelig program ei uke på forhånd, og innblikk fra gjennomføring av temadag 11.januar, med avrundning og evaluering i etterkant.

Temadag *Heim-Skule-Samarbeid*

Fredag 8.januar 2010 kl. 09:15-15:00

Skolen må i forståelse og samarbeid med hjemmene bistå i barnas utvikling – og den

må trekke foreldrene med i utviklingen av miljøet rundt opplæringen og i

lokalsamfunnet(LK06:17).

Korleis leggje til rette for ein konstruktiv start på foreldresamarbeidet? Utgangspunktet er det aller første møtet med foreldrene på ungdomssteget eller i vidaregåande skule.

Seniorrådgjevar Randi Jørgensen frå FUG (Foreldreutvalet for grunnopplæringa) føreles og deltek saman med oss delar av dagen. Frå overordna forskrifter og nyare forskning som gjeld foreldra sin betydning for eleven si læring og utvikling, set vi fokus på ungdomsforeldra.

Førebuing:

- Allmennlærerstudentane bør på førehand gjere seg kjent med dei 5 fyrste kapitla i pensumboka Nordahl (2007) *Hjem og skole Hvordan skape et bedre samarbeid?* Uni
- Tilsvararande pensum for PPU: Møller, J. og L. Sundli (red.) (2007): *Læringsplakaten - skolens samfunnskontrakt* Høyskoleforlaget, Kap. 12: Ravn, B.: "God dag hjem – økseskaft?"

Er det område innan dette samarbeidet de ser som større utfordringar enn andre?

Korleis vert t.d. foreldra omtalt i den nye formålsparagrafen i Opplæringslova (§1-1)?

Kva med erfaringar frå eigen praksis i lærarutdanninga?

Nokre av dykk er også "skuleforeldre": Korleis har de i slike situasjonar opplevd samarbeidet mellom heim og skule?

Kanskje har de nokre sjølvopplevde ekstra gode erfaringar? Kvifor vart det så vellukka?

Eitt av måla er å få opp problemstillingar til drøfting, og finne nokre svar i lag.

Fagkunnskapen skal vidareutviklast, og bevisstgjeringa om eit viktig ansvarsområde skal styrkast.

Søk opp heimesida til Foreldreutvalet www.fug.no .

Vi legg opp til varierte undervisnings- og arbeidsmåtar.

Studentane vert fordelt på 6 grupper.

Desse gruppene spleisast saman til arbeidslag, med 5-6 studentar i kvar.

Vi starter i gruppene, og får fagleg påfyll ved erfaringsutveksling, gjesteførelsing, og framlegg med drøftingar gjennom dagen.

Meir detaljert program kjem på fronter ved studiestart etter nyttår.

Det er obligatorisk deltaking ved temadagar.

Vi ser fram til ein spennande dag i lag!

ALI, 04.12.09 Helsing faglærarane Astrid Øydvin (PPU) og Margrethe Haug Syversen(2A)

Auditoriet (ALI) fredag 8.januar 2010 kl. 09:15-15:00

Førebuing:

- Gjer dykk kjend med pensum knytt til temaet (PPU: Birte Ravns artikkel, 2A: Nordahl kap 1-5)
 - Studentane vert fordelt på 6 grupper
 - Tenk gjennom eigne erfaringar og tankar om temaet?
-

Program:

09:15 Innleiing til temaet: Intervju med FUG-leiar Loveleen Brenna (video)

Involvering av foreldre i skulen er viktig for elevane si læring!

09:30 Arbeid i tverrgrupper PPU+2A (5-6 i kvar)

- "Del pensum" med kvarandre! Kva gjorde inntrykk?
- "Skulestart" for deg som lærar, med ny klasse:
Korleis leggje til rette for godt foreldresamarbeid?
Moglegheiter? utfordringar? Spørsmål? Forslag?

5 innspel frå kvar gruppe vert levert skriftleg innan kl. 11.

11:15 Rådgjevar Randi Jørgensen frå Foreldreutvalet (FUG)

12:00 Lunsj

12:45 Spørsmål(utvalde) vert lagt fram, utdjupa, og kommentert v/ Randi, Astrid, Margrethe og alle studentane.

14:15 Avrunding med førelesing av Randi Jørgensen

Vel møtt til viktig samarbeid!

ALI, 5.januar 2010 Astrid og Margrethe

Hva ble resultatet av denne dagen?

Innspill fra problemstillinger, drøfting, og studentenes evaluering til slutt.

2A(8) + PPU(20)+ utvekslingsstudenter(4) , i alt 32 studenter, fordelt på 6 grupper (første økt)

Programmet ble gjennomført (jfr. plan/program)

I dette referat legges vekt på

1. Plenumsdiskusjon
2. Studentenes evaluering av dagen

Etter første økt leverte gruppene til sammen 27 problemstillinger.

1.

Alle 6 grupper fikk en av sine pr.st. lagt fram i plenum, til felles drøfting.

Planen var å begynne m/de mest overordna, og snevre inn mer spesifikt etter hvert.

De utvalgte problemfokus og enkelte momenter fra diskusjonen følger:

- Gruppe 1: Korleis engasjere foreldre i elevens skolegang og dialog med skolen?

De første åra på skolen er mer viktige for foreldrene? Det gjelder spesielt foreldre med en annen bakgrunn, eks. etnisk el. kulturelt. De vil ikke blande seg? De som gjerne vil delta, kan bli "overkjørt" av skolen.

Idè om et SOSIALT ROM på skolen, for alle typer FORELDRE, hvor de kan se og finne informasjon. Et interaksjonsrom, en møteplass (istedenfor personalrommet). Få foreldrene i tale med hverandre. Hva skal foreldre gjøre? Hvordan? Hva betyr det å være engasjert i barnas skole? På et slikt rom får vi ikke "maktroller" på samme måte som på konferanserom, personalrom osv.

FUG-prosjektet: "Minoritetsspråklige foreldre – en ressurs for elevenes opplæring i skolen" (sluttrapport mars 2007) konkluderer: Ta godt vare på disse foreldrene når de kommer!

- Gruppe 4: Korleis nytte foreldre med ulik sosioøkonomisk status som ressurs i samarbeidet?

Ulik sosial bakgrunn gir grunnlag for språk, ordene vi bruker skiller oss fra dem? "Parents should be educated in the language of school (Hattie)" Akademisk skolespråk. Er det DE som må lære, kan ikke lærerne forklare uten fremmedord? Det er vanskeligere å snakke om læreplanen, som er mindre konkret, enn om timeplanen. Foreldremøter skal foregå i dialog, med åpenhet.

Ulike holdninger til det skolen/lærerne gjør, som må forklares. Det blir feil å gi inntrykk av at foreldre er "dumme". De er "nysgjerrige" på hva som foregår i ungenes skoleverden. Den "voksne" lærer skal være den ledende i forholdet mellom heim og skole. Holdningene, - hvordan møter vi foreldrene?

- Gruppe 2: Hva kan en gjøre for å få foreldrene til å enes om felles regler, dersom foreldrene har ulike verdigrunnlag? Skole og hjem må ikke snakke stygt om hverandre. Det handler om

holdninger og respekt begge veier. Eks. fra fotball, HOLDNINGSKONTRAKT: Enighet om de viktigste punkt, med underskrifter. Bindende kontrakt, eks. komme tidsnok er viktig for alle.

Skoler /klasser har ulik praksis når det gjelder regler. Skal foreldrene være med i utviklingen av disse, delta i prosessen? Hvilke kommunikasjonsarenaer har vi?

Det blir vanskelig når holdninger "kolliderer". Folkeskikk: Vi tar ikke nok fatt i dette (eks. banning) Dannelsesperspektivet: Etikk. Verdier.

Vi må fokusere på likhetene, hva vi er enige om , det som vi kjenner oss igjen i. Ikke være så opptatt av at "alle er forskjellige", at alt blir LIKE GYLDIG (=likegyldig).

- Gruppe 6: Hva gjør vi når foreldre ikke vil/klarer å samarbeide, mellom hverandre, og i forhold til skolen? Vi må starte bestemt, være tydelig og konsekvent på: Barnet først! Hva tjener til barnets beste? Hvordan støtte opp om barnets læring? Skolen er ingen arena for personlige konflikter. Signalisere at vi forholder oss til de mer vanlige problemstillinger. Det er fort gjort å bli med på spillet. Må ikke ta parti. Læreren må ikke bli megler. Henvise til andre fagfolk (familierådgivning, barnevern osv.). Skolen har ansvar for "skolesaker", ikke for det foreldre er uenige om. Ved delt foreldreansvar skal begge informeres om alt. Det blir mye ekstra, som foreldrene har krav på. Det er viktig at vi er objektive, og saklige, ikke personlige. Da kan vi lett bli tatt "til inntekt for" den ene. Ta barnets perspektiv. Barn trenger to foreldre.
- Gruppe 3: Hvordan og i hvilken grad informere foreldre om det dagligdagse? (e-mail, ukebrev, facebook, møter)
Hensynet til de ulike foreldre. Bruke e-mail og tlf. Komme dem i møte. Heimeside for skolen, med informasjon til heimen? Ukentlig informasjon. Ukeplanen, eller arbeidsplanen kan lastes opp der. Hva skjer på skolearenaen? Når planen er oppfylt, kan den avsluttes med vurdering, og underskrift heimefra? Ta vare på hverdagshistoriene i skolen. Også foreldrene må oppdatere læreren om sine barn. Beskjeder bør gå mellom voksne, ikke med barna som budbringere. Utveksle e-mailadresser. Face-book er ikke arenaen her. Ta vare på engasjementet . Men ikke slite hverandre ut.
- Gruppe 5: Korleis gjere overgang frå grunnskule til vidaregåande betre? Foreldra er sentrale.
Bevisstgjere elevane, stille krav. Døme: Karakterane avgjerande. Informere meir om oppstart. Frammøte. Oppfølging. Vere klar. Motivere elevane via foreldra. Dei må bry seg utan å gå for djupt inn i det faglege. Foreldre kjenner barnet sitt best, med deira sterke og svake sider. Kva forventar skulen av foreldra? Høyrrer lite om det. Møteplassar? Foreldra må "bli sett", skulen må anerkjenne deira betydning for dei unge si utdanning.

Andre spørsmål, som det ikkje vart tid til å drøfte nærare. Kan kanskje brukast ved seinare høve?

1. Elevens beste vs. Profesjonalitet. Meldeplikt/lovgivning - etikk
Samarbeid med barnevern. Skal ein kontakte foreldra når problem oppstår, om ein veit at dette går ut over eleven sjølv, eks: kjenner til at det kan skje vold i heimen?
2. Kva må eg gjere overfor foreldre for å påpeike viktigheita av ein IOP-plan, og korleis den blir gjennomført i praksis, og kva viss dei ikkje vil skrive under?
3. Hvor stor del av undervisninga skal foreldra få være med og bestemme?

4. Korleis handtere engasjerte foreldre som vil påverke undervisningssituasjonen?
5. Hvor stor innflytelse skal foreldre ha i "livet på skolen"?
6. Korleis finne felles forståing for kva ein kan/skal samarbeide om?
7. Korleis bør ansvarfordelinga mellom heim og skule vere (t.d. leksehjelp, oppdragelse)?
8. Hvordan ta hensyn til de ulike foreldres bakgrunn (kulturelt, utdanning)?
9. Korleis kommunisere med minoritetspråklege foreldre?
10. Kva hensyn må vi ta ved fleirkulturell interaksjon (t.d helse /gje handa, ramadan)?
11. Hvordan fremme det kommunikative, fremfor institusjonell makt?
12. Det kan vere ein vanskeleg kabal for foreldre å få tida til å strekkje til, for å få til eit godt samarbeid med skulen. T.d. eineforsytar, i kor stor grad skal skulen legge til rette for dei?
13. Korleis få et godt samarbeid med foreldre til elevar på vidaregåande?
14. I hvilken grad kan skolen involvere foreldrene etter at barna er 18 år?

2. Evaluering fra studentene etter Temadag mellom Allmennlærerutdanninga og PPU:

- Hva har du lært? Hva har vært bra?

God lærar / førelesar Bra organisering av dagen, variert innhold.

Lærerikt, nyttig om eit viktig tema, som vi ikkje har hatt så mykje om før i utdanninga.

Fint at det ikkje berre var foredrag, men at vi fekk delta. Gode studentbidrag, og lærarar.

Godt å starte med gruppearbeid. Hjalp oss å komme i gang. Kunne tatt det igjen tilslutt?

Bra med relativt åpne diskusjonar. Lett å koble til eigen praksis.

Fekk konkrete svar på fleire aktuelle problemstillingar, som vi faktisk lurar på.

Har fått innsikt i kva FUG er. Effektiv informasjon. Bra at power-pointen var lagt ut på førehand.

Veit meir om kor viktig samarbeidet mellom heim og skule er. Vart meir bevisst på foreldra si rolle.

Fint samspel mellom ulike utdanningar og lærarar. Interessant bokutstilling, og materiell.

- Hva ville du gjerne hatt mer av, lært mer om?

Kunne hatt meir tid på problemstillingane. Samla oss i gruppene til slutt, og diskutert, konkludert.

Har fått vite mykje om kva og kvifor, men saknar meir info om korleis.

Fleire konkrete tiltak: Kva gjer vi? T.d. Korleis gjennomføre eit foreldremøte? Rollespel?

Saknar litt eksempel frå virklegheita. Konkrete case å jobbe med?

- Hva kunne vært annerledes, var unødvendig?

Betre førebudd til diskusjonen i gruppene, visste lite om kva vi gjekk til.

Betre samandrag av problemstillingane. Vi diskuterte noko av det same fleire gonger.

Litt for mykje på ein gang. Mister fokus på slutten. Ein idè å spre det litt? To dagars seminar?

Ikkje foredrag til sist. Dett lett av då. Kunne ha samla heile førelesinga frå FUG, tidlegare på dagen.

TAKK FOR : Gode og konstruktive tilbakemeldingar og kreative forslag, med håp om at dagen ga inspirasjon til samarbeid vidare i studium og yrke!

ALI/HSF, Sogndal i januar 2010

Margrethe Haug Syversen (på vegne av lærarane, og oss alle som deltok)